



# Protokoll frå landsmøte 19.-21. april 2013

Landsmøtet 2013 vart halde 19.-21. april i teatersalen til BUL Oslo.

## Deltakarar

Det var påmeldt 91 utsendingar til landsmøtet.

Ved opninga av landsmøtet fredag kl. 20, var det registrert 77 utsendingar med fulle rettar i salen. I tillegg generalsekretær med talerett. Ein person var ikkje tilstade ved opprop. Tilsaman 79 frammøtte personar.

På møtet var det i tillegg 4 frå administrasjonen og 5 gjestar, samt 4 deltakarar til paneldebatt.

## Helsingar til landsmøtet:

Kjærsti Gangsø, Studieforbundet kultur og tradisjon  
Erik Wilberg, KNIF Innkjøp  
Inger Johanne Sæterbakk, Språkåret 2013  
Per Øyvind Tveiten, FolkOrg  
Kari Randen, AV-OG-TIL

## Politisk debatt:

Daniel Heggelid-Rugaas, Venstre  
Carl Morten Amundsen, Sosialistisk Venstreparti  
Elisabeth Løland, Kristeleg folkeparti  
Morten Hagevik, debattleiar

## Opning

Styreleiar Endre Kleiveland opna landsmøtet.

## **Sak 1      Konstituering**

### **Sak 1.1      Godkjenning av innkalling**

Leiar Endre Kleiveland presenterte styret si innstilling.

**Vedtak:**      Innkallinga vart godkjent.

### **Sak 1.2      Godkjenning av sakliste**

Leiar Endre Kleiveland presenterte styret si innstilling.

**Vedtak:**      Styret sitt forslag til sakliste vart godkjent.

### **Sak 1.3      Godkjenning av fullmakter**

Organisasjonskonsulent Alf Steinar Nekstad la fram saka.

**Vedtak:**      Alle fullmakter for utsendingar, 91 i talet, vart godkjende.

### **Sak 1.4      Godkjenning av tidsplan og forretningsorden**

Leiar Endre Kleiveland presenterte styret si innstilling.

Styret kom med eit endringsframlegg om å byte tidspunkta på sak 6 og politikardebatt.



## Protokoll frå landsmøte 19.-21. april 2013

**Vedtak:** Styret sitt forslag til tidsplan og forretningsorden for møtet vart vedteke med endringsframlegget frå styret.

### Sak 1.5. Val av ordstyrar

Leiar Endre Kleiveland presenterte styret si innstilling.

**Vedtak:** Mette Vårdal og Terje Svindseth blei valt som ordstyrarar for landsmøtet.

### Sak 1.6 Val av redaksjonsnemnd

Ordstyrar presenterte styret si innstilling.

**Vedtak:** Som redaksjonsnemnd blei følgjande personar valt:  
Eirin Stave Samuelsen, Vest-Agder Ungdomslag (leiar for redaksjonsnemnda)  
Ulrikke Bredal, BUL Bodø  
Knut Olsen, Telemark Ungdomslag  
Nils Slapgaard, Folkedanslaget Sølja

### Sak 1.7. Val av teljekorps

Ordstyrar presenterte styret si innstilling.

**Vedtak:** Administrasjonen i Noregs Ungdomslag blei valt som teljekorps for landsmøtet.

### Sak 1.8. Val av protokollunderskrivarar

Ordstyrar presenterte styret si innstilling.

**Vedtak:** Tone Ingvaldsen, Nordland Ungdomsfylking, og Terje Michelsen, Norskdanslaget i Porsgrunn, blei valt til å skrive under protokollen frå landsmøtet.

## Sak 2 Årsmelding 2012

Tale og innleiing om den generelle delen i årsmeldinga ved *leiar Endre Kleiveland*.

Leiar for barne- og ungdomsrådet, *Rita Sirirud Strandbakke* innleidde om barne- og ungdomsarbeidet.

Medlem i folkedansrådet, *Håvard Ims* innleidde om folkedansarbeidet.

Medlem i teaterrådet, *Marie Nicolaisen* innleidde om teaterarbeidet.

Leiar i bunadrådet, *Ellen Runderheim* innleidde om bunadsarbeidet.

*Desse tok ordet til saka:*

30 Brit Heggeli, Hordaland Ungdomslag

**Vedtak:** Landsmøtet godkjente årsmeldinga for 2012.



## Protokoll frå landsmøte 19.-21. april 2013

### Sak 3 Rekneskap 2012

Generalsekretær Eli Ulvestad la fram rekneskapen.

**Vedtak:** Landsmøtet godkjenner rekneskapen for 2012, som viser eit overskot på 57.590. Resultatet blir lagt til eigenkapitalen.

Revisjonsmeldinga frå Vardens revisjonskontor blir teken til vitande.

### Sak 4 Huslag som ny medlemskategori

Styreleiar Endre Kleiveland presenterte saka.

*Desse tok ordet til saka:*

48 Nina Kaurin, BUL Kristiansand

30 Brit Heggeli, Hordaland Ungdomslag

83 Endre Kleiveland, Styreleiar Noregs Ungdomslag

**Vedtak:** Landsmøtet vedtok å opne for husmedlemskap i Noregs Ungdomslag, under følgjande føresetnader:

- Grunnleggjande demokratiske prinsipp må ligge til grunn for alle typar medlemskap, t.d. ved at husmedlemer også må ha eit demokratisk valt styre.
- Lovfesta plikter gjeld også for husmedlemskap. Det vil seie at også husmedlemer må levere årsrapport og forhalde seg til krav og verdiar som er nedfelte i NU sine lover og styringsdokument, på lik line med andre lokallag.
- Det må økonomisk løne seg å stå registrert som ordinært lokallag. Kontingentsatsane for husmedlemer må vere så pass høg at lokallag ikkje spekulerer i å melde seg inn som husmedlemer i staden for som vanlege lokallag.
- Husmedlemene har avgrensa demokratiske rettar i høve til tradisjonelle lokallag, ved at dei kan møte med tale- og forslagsrett, men ikkje røysterrett, på landsmøtet.
- Huslag blir tekne opp som beinvegnes medlemmer i NU, og søknader avgjerast av styret i NU. Det blir samtidig starta ein prosess i fylkeslaga, der dei opnar for at huslag på sikt søker om medlemskap gjennom fylkeslaget, og ikkje direkte til NU

### Sak 5 Medlemskontingent 2014 og 2015

Kine Reiersen frå styret og generalsekretær Eli Ulvestad presenterte saka.

#### 5.1 Prinsipp for innkrevjing av medlemskontingent

*Desse tok ordet til saka:*

48 Nina Kaurin, Bondeungdomslaget i Kristiansand

30 Brit M. Heggeli, Hordaland Ungdomslag

69 Anne- Mari S. Meier, BUL Sarpsborg

28 Helga Birkeland, Leikarringen i Gloppen

16 Odd Jostein Veie, Inntrøndelag Ungdomssamlag

92 Eli Ulvestad, Generalsekretær Noregs Ungdomslag

83 Endre Kleiveland, styreleiar Noregs Ungdomslag

48 Nina Kaurin, Bondeungdomslaget i Kristiansand



## Protokoll frå landsmøte 19.-21. april 2013

77 Olav Kårevik, Bondeungdomslaget i Oslo  
48 Nina Kaurin, Bondeungdomslaget i Kristiansand  
92 Eli Ulvestad, Generalsekretær Noregs Ungdomslag

**Vedtak:** Frå og med 2014 vil laga i Noregs Ungdomslag bli fakturert for kontingent for det gjeldande rekneskapsåret, med bakgrunn i kor mange medlemmer laget hadde to år tidlegare. Tillegg: med forfall 1. mai i kalenderåret. Samrøystes vedteke med tilleggsframlegget.

### 5.2 Kontingentsatsar for 2014 og 2015

Generalsekretær Eli Ulvestad presenterte saka.

*Desse tok ordet til saka:*

48 Nina Kaurin, Bondeungdomslaget i Kristiansand  
84 Ellen Mersland, styret i Noregs Ungdomslag

**Vedtak:** Kontingentsatsane i Noregs Ungdomslag blei fastsett slik for 2014 og 2015:

- Kontingent per medlem under 26 år: kr 95
- Kontingent per medlem over 26 år: kr 190
- Kontingent for lokallag kr 1200
- Kontingent for lokallag med 0 medlemmer kr 2200
- Kontingent for huslag kr 3500

## Sak 6 Noregs Ungdomslag i 2018

Styreleiar Endre Kleiveland innleidde til ein framtidsdebatt om kvar Noregs Ungdomslag bør vere ved utgangen av neste langtidsprogramperiode.

*Desse tok ordet til saka:*

30 Brit M. Heggeli, Hordaland Ungdomslag  
59 Eirik Michelsen, Norskdmslaget i Porsgrunn  
89 Rita S. Strandbakke, styret i Noregs Ungdomslag  
67 Nils Slapgård, Folkedanslaget Sølja  
63 Øystein S. Gjefle, Nordsinni Ungdomslag  
46 Torbjørn Bergwitz Lauen, Vest- Agder Ungdomslag  
90 Marie Nicolaisen, medlem teaterrådet  
84 Ellen Mersland, styret i Noregs Ungdomslag  
77 Olav Kårevik, Bondeungdomslaget i Oslo  
76 Jostein Tjore, Bondeungdomslaget i Oslo  
80 Lisa Grav Henriksen, Bondeungdomslaget i Oslo  
68 Hilde Løvlien, Eidsiva Fylkeslag  
44 Eirin Stave Samuelsen, Vest- Agder Ungdomslag

Det var ikkje gjort vedtak i saka. Saka var ei førebuing av neste års landsmøtehandsaming av nytt langtidsprogram.



## Sak 7 Endringar i lova til Noregs Ungdomslag

Ordstyrarane presenterte styret si innstilling

### Tillegg til §3 Lokal- og fylkeslag, nytt punkt 2

*"Grendehus og forsamlingshus utan medlemsaktivitet kan bli godkjent som beinveges innmeldt lag i Noregs Ungdomslag, med status som huslag."*

**Røysting:** Samrøystes vedteke

### Endring av §4 Landsmøtet, punkt 3 a

Dagens tekst: *"Fylkeslag som har sendt årsmelding for føregående år, har utsendingsrett til landsmøtet. Lokallag som har sendt årsrapport og betalt kontingent for føregående år har utsendingsrett til landsmøtet."*

endrast til: *"Fylkeslag som har sendt årsmelding for føregående år, har utsendingsrett til landsmøtet. Lokallag og huslag om har sendt årsrapport og betalt kontingent for føregående år har utsendingsrett til landsmøtet."*

**Røysting:** Samrøystes vedteke

### Tillegg til §4 Landsmøtet, nytt punkt 3 d)

*"Utsendingane frå huslaga skal veljast av styret for buset. Kwart huslag har rett til 2 utsendingar til landsmøtet."*

- noverande punkt 3d-h blir nytt punkt 3 e-i

**Røysting:** Samrøystes vedteke

### Endring av §4 Landsmøtet, punkt 3 f)

Dagens tekst: *"Utsendingane har røyserverett når dei er registrerte som betalande medlemmer i Noregs Ungdomslag"*

blir endra til: *"Utsendingane frå fylkeslaga og lokallaga har røyserverett når dei er registrerte som betalande medlemmer i Noregs Ungdomslag. Utsendingane frå huslaga har tale- og forslagsrett, men ikkje røyserverett på landsmøtet."*

**Røysting:** Samrøystes vedteke

**Vedtak:** Dei foreslåtte endringane i §§ 3-4 vart vedteke.

## Sak 8 Fråsegner

*Styret la fram følgjande fråsegner:*

1. 1 million på rett kurs
2. Levande språk gjennom aktivitet
5. Kva kulturhus vil me ha?

*Vest-Agder Ungdomslag fremja følgjande fråsegner*

3. Hulda Garborg på 50-lappen ( Eirin S. Samuelsen)
4. Tal Vest-Sahara si sak i SN ( Torbjørn B. Lauen)



## Protokoll frå landsmøte 19.-21. april 2013

37 Bernt Skrede, Rogaland Ungdomslag, la fram fylgjande fråsegn:

6. Nei til konsekvensutgreiing av olje

77 Olav Kårevik la fram fylgjande fråsegn:

7. Det norske teatret

*Desse tok ordet i debatten:*

Fråsegn 1:

67 Nils Slapgård, Folkedanslaget Sølja

8 Tone Ingvaldsen, Nordland Ungdomsfylking

80 Lisa Grav Henriksen, Bondeungdomslaget i Oslo

30 Brit M. Heggeli, Hordaland Ungdomslag

67 Nils Slapgård, Folkedanslaget Sølja

48 Nina Kaurin, Bondeungdomslaget i Kristiansand

Fråsegn 2:

78 Vigdis Rønning, Bondeungdomslaget Sølja

67 Nils Slapgård, Folkedanslaget Sølja

3 Sidsel Lilleng, Bondeungdomslaget i Tromsø

79 Vivian B. Sørensen, Bondeungdomslaget i Tromsø

45 Jaqueline B. L. Spinnangr, Vest- Agder Ungdomslag

52 Anne Lisbeth Eidet, Leikarringen i Lillesand

Fråsegn 3:

67 Nils Slapgård, Folkedanslaget Sølja

Fråsegn 4:

8 Tone Ingvaldsen, Nordland Ungdomsfylking

80 Lise Grav Henriksen, Bondeungdomslaget i Oslo

Fråsegn 5:

58 Terje Michelsen, Norsklagslaget i Porsgrunn

25 Cecilie Rørstad, Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag

78 Vigdis Rønning, Bondeungdomslaget i Oslo

Fråsegn 6:

48 Nina Kaurin, Bondeungdomslaget i Kristiansand

83 Endre Kleiveland, styreleiar i Noregs Ungdomslag

85 Kine Reiersen, politisk nestleiar i Noregs Ungdomslag

76 Jostein Tjøre, Bondeungdomslaget i Oslo

Fråsegn 7:

77 Olav Kårvik, Bondeungdomslaget i Oslo

Eirin Stave Samuelsen la fram redaksjonsnemnda si innstilling.



# Protokoll frå landsmøte 19.-21. april 2013

Røysting over redaksjonsnemnda si innstilling:

## Fråsegn 1. 1 million på rett kurs

### 1. Heilskapleg endringsforslag, frå Nils Slapgaard

Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) har sett i gang ein femåring kampanje med tittelen ”1 million på rett kurs,” for dermed å doble deltakartalet på kurs i studieforbund. I 2011 var deltakartalet i underkant av 500.000.

Eit sterkt VOFO vil både bli ei sterkare røyst i kunnskapsdebatten som representant for den opplæringsforma NU bruker, og ha større gjennomslagskraft i kampen om kronene.

Ein vil prøve å nå målet ved å auka medvitet og kunnskapen om læring i organisasjonar.

Som medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon, er NU ein del av VOFO. Deltakartalet frå NU til studieforbundet var i 2012, 5870. For å hjelpe å oppnå målet til VOFO, må NU dubla deltakartalet sitt i dei neste 5 åra.

Landsmøtet i NU sluttar seg til kampanjen og vil jobbe aktivt med å doble deltakartalet på kurs og opplæring.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vert vurdert som ivareteke

### 2. Endringsforslag, frå Lisa Grav Henriksen

Endring siste setning, linje 4

...og vil jobbe aktivt lokalt med å *registrere fleire av dei eksisterande deltakerane og rekruttere* for å doble deltakartalet på kurs og opplæring.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vert vurdert som ivareteke

### 3. Tilleggsforslag, frå Nina Kaurin

- a.) Forslaget bør inneholde litt tips om hva man kan gjøre for å få opp antallet daltakere på kurs - for å nå målet.
- b.) Alternativt at årsmøte pålegger styret i NU å gi lagene tips på hvordan målet skal oppnåes.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vert vurdert som ivareteken

**Innstilling frå redaksjonsnemnda:** Landsmøtet stør fråsegna.  
Fråsegna blir sendt til styret i NU for vidare oppfølging.

**Vedtak:** Samrøystes vedteke

## Fråsegn 2. Levande språk gjennom aktivitet

### 4. Heilskapleg endringsforslag, frå Nils Slapgård

Språkåret 2013 er i gang. Språkåret skal setje fokus på alle språka i Noreg. Målformene nynorsk og bokmål, samisk og minoritetsspråka kvensk, romani og romanes i tillegg til norsk teikspråk, som har fått offisiell status. Samtidig har vi mange dialektar og ei rekke nye innvandrarspråk.

Språket er det viktigaste kommunikasjonsmiddelet i dagleglivet vårt. Det er gjennom aktiv bruk ei tek best vare på språket. Utviklar og fornyar det slik at det ikkje dør ut.



# Protokoll frå landsmøte 19.-21. april 2013

Målet med Språkåret er ei raus, inkluderande og samlande ivaretaking av alle språka i Noreg.

Massiv bokmålsdominans i norske media over lang tid gjør det spesielt viktig å ta vare på dialektar, nynorsk skriftspråk og andre språkformer med aktiv bruk.

Gjennom kulturelle aktivitetar som teater, song og dans er NU ikkje berre ein kulturbærar. NU er også blant dei få, men svært viktige organisasjonar som held nynorsk og dei norske dialektane levande gjennom aktivitet. Ein inkluderar og ivaretar også andre språk når det er naturleg.

Landsmøte oppmodar alle lokallaga til å ta vare på, og fremme sitt eige språklege og kulturelle grunnlag gjennom sine aktivitetar.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Landsmøtet stør fråsegna

## 5. Heilskapleg endringsforslag, frå Vivian B. Sørensen og Mari S. Lysne

I 2013 blir det norske språket feira i alle sine ulike varianter med språkåret. To av måla for året er å ”styrke språkkjensla blant nynorskbrukarar”, og å gjere ”bokmålsbrukarar stolte av den nynorske skriftkulturen”.

Språk er kommunikasjon, ein del av vårt daglege liv. Kommunikasjonen er nær knytt til fysisk utfolding og aktivitet. Det er gjennom denne bruken at språk vert fornya og utvikla.

Gjennom den daglege kulturelle aktiviteten som teater, song og dans er NU ein kulturbærar og ein svært viktig arena for å halde nynorsken og dei norske dialektane levande.

Landsmøte oppmodar alle lokallage til å omfanne sin eigen språklege og kulturelle aktivitet. Samtidig oppmodar Landsmøtet alle aktørar til å sjå det nynorske språket i ein heilskapleg samanheng og bruke den kulturelle aktiviteten til å fremje og utvikle det nynorske språket.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vert vurdert som ivareteke

## 6. Endringsforslag, frå Sidsel Lilleng

Første avsnitt, linje 2: ”styrke språkkjensla blant *nynorskebrukarar*”

Andre avsnitt, linje 2: Det er gjennom denne bruken at språk *vert fornya og utvikla og ikkje døyr ut.*

Siste avsnitt, linje 2 og 3: *NU er også ein svært viktig arena for å halde nynorsken og dialektane levande gjennom aktiv bruk.*

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vert vurdert som ivareteke

**Innstilling frå redaksjonsnemnda:** Landsmøte stør fråsegna.

Fråsegna blir sendt til styret i NU for vidare oppfølging.

**Vedtak:** Samrøystes vedteke

## Fråsegn 3. Hulda Garborg på 50-lappen

### 7. Likelydande strykingsforslag, frå Nils Slappgård og Jacqueline Spinnangr

Første avsnitt: ..., i det høve ønskjer Noregs Ungdomslag at Hulda Garborg skal få pryde 50-lappen ~~som og bør vere på nynorsk.~~





## Protokoll frå landsmøte 19.-21. april 2013

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vedtakast

### 8. Tilleggs- og strykingsforslag, frå Jacqueline Spinnangr:

Tredje avsnitt: Hulda Garborg var ein *allsidig* forfattar.

Siste setning: ... og ungdoms- og kulturarbeid ~~og ho var ein allsidig forfattar.~~

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vedtakast

### 9. Strykingsforslag, frå Hilde Løvlien

Andre avsnitt: Hulda Garborg var ~~ein~~ forfattar...

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Avvisast

### 10. Strykingsforslag, frå Hilde Løvlien

10. Andre avsnitt, linje 2: ~~Men~~ ho var og ei eldsjel...

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vedtakast

**Innstilling frå redaksjonsnemnda:** Landsmøtet stør fråsegn.

Fråsegna blir sendt styret som sendar denne vidare til Norges Bank

**Vedtak:** Vedteke

## Fråsegn 4. Tal Vest-Sahara si sak i SN

### 11. Strykingsforslag, frå Øystein Rambjørg

Andre avsnitt, andre setning: ...,og håpar også andre organisasjonar gjer det same. ~~Det er på høg tid at kolonivelde berre er noko som tilhøyrrer historiefaget.~~

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Avvisast

Votering på oppretthalding av endringsframlegg: 31 røyster for å oppretthalda endringsframlegget  
45 røyster mot.

### 12. Tilleggsforslag, frå Lisa Grav Henriksen.

Nytt avsnitt 2: *Noregs Ungdomslag bygger på prinsippa demokrati, openheit, friheit og yringsfriheit. Vi står derfor fullt opp om dette brevet og appellane til regjeringa, og håpar også andre organisasjonar gjer det same.*

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vert vurdert som ivareteken

*Desse tok ordet i saka:*

33 Øystein Rambjørg, Hordaland Ungdomslag

46 Torbjørn Bergwitz Lauen, Vest- Agder Ungdomslag

**Innstilling frå redaksjonsnemnda:** Landsmøtet stør fråsegna.

Fråsegna går til styret i NU for vidare oppfølging.

**Vedtak:** Fråsegna vart vedteke med 58 mot 22 røyster. 5 røyster var blanke.



## Fråsegn 5. Kva kulturhus vil me ha?

### 13. Endringsforslag, frå Vigdis Rønning

Ny tittel: *Kulturhus av og for levande lokalsamfunn*

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Avvisast

### 14. Endringsforslag, frå Mari S. Lysne

Avsnitt 4, linje 5: Dei turnerar i heile landet dette året, med mål om å spele på små kulturhus der folk bur, og gje kulturopplevinga til stader som ellers ikkje får høve.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vedtakast

### 15. Endringsforslag frå Mari S. Lysne

Avsnitt 5, siste setning: Det syner at me er *klare* for å ta ei aktiv rolle i utviklinga av det lokale kulturtilbodet.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vedtakast

### 16. Strykingsforslag, frå Mari S. Lysne

Siste avsnitt: Desse husa spelar ei avgjerande rolle i den framtidige utvikling av det ideelle kulturtilbodet, ~~eller den kulturelle grunnmuren som kulturutgreiinga kallar det.~~

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vedtakast

### 17. Tilleggsforslag, frå Cecilie Rørstad.

Nytt avsnitt: Kulturhusa er for NU ein arena der innbyggerane får medverke i høve eigne kulturtilbod. NU ynskjer også å framheve dei imatrielle verdiane kulturhusa representerar for lokalamfunna og heile samfunnet som heilskap. Det å delta i drifta og utforminga av innhaldet i kultuhuset er eit lavterskeltilbod. Gjennom slik deltaking er kulturhusa ein viktig læringsarena for organisasjonarbeid, kulturformidling og lokaldemokratiske prosesser. Barn og unge får tidleg vere med å skape og drive sitt eige kulturtilbod og å forvalte felles verdiar innafor trygge rammer.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Ivaretatt

**Vedtak:** Samrøystes vedteke

## Fråsegn 6 Nei til konsekvensutgreiing av oljeboring i Lofoten, Vesterålen og Senja!

### 18. Endringsforslag, frå Jacqueline Spinnangr

Første avsnitt, linje 1: ... ser med stor uro med at *enkelt* politikarar ønskjer...

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Vedtakast

### 19. Tilleggsforslag, frå Herman Thandrup Lund

Første avsnitt, linje 2: Lofoten, *Vesterålen og Senja*

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Ivaretatt

**Innstilling frå redaksjonsnemnda:** Landsmøte stør fråsegna.  
Fråsegna blir sendt styret i NU for vidare oppfølging.



# Protokoll frå landsmøte 19.-21. april 2013

**Vedtak:** Fråsegna vart vedteke med 72 mot 11 røyster. 1 røysta blankt.

## Fråsegn 7. Det norske teatret 100 år - likestill teatra i hovudstaden

Endringsforslag, frå Olav Kårevik

Erstatning for avsnitt 1, 2 og 4: *Det norske teatret fyller 100 år i 2013. I hovudstaden er det to nasjonale teater som får støtte fra staten til driften. I utgangspunktet skulle disse to teaterne være likestilte. Løyvingane syner at nasjonalteateret får 19 millionar mer i stateleg stønad.*

*Landsmøte i Noregs Ungdomslag ber Storting og Regjering løfte opp Det Norske teatret på samme nivå som nasjonalteateret fra 2014 av.*

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Ivaretatt.

Olav Kårevik trekte sitt eige framlegg under framlegginga.

**Innstilling frå redaksjonsnemnda:** Landsmøte stør fråsegna.  
Fråsegna blir sendt styret i NU for vidare oppfølging.

**Vedtak:** Samrøystes vedteke

## Sak 9 Val

Evelyn Laupstad la fram valnemnda si innstilling. Ordstyrarane la fram styret si innstilling til ny valnemnd.

**Samla valresultat:**

### Sak 9.1 Val av leiar

Endre Kleiveland	Hordaland Ungdomslag	Attval, 1 år
------------------	----------------------	--------------

### Sak 9.2 Val av styre og arbeidsutval (AU)

Kine Langnes Reiersen	Oppland Ungdomslag	Ikkje på val	Politisk nestleiar/AU-medlem
Morten Nilsen	Nordland Ungdomsfylking	Ny, 2 år	Org. nestleiar/AU-medlem
Olav Johan Øye	Bygdelagssamskipnaden	Ikkje på val	Styremedlem/vara til AU
Herman T. Lund	Nordland Ungdomsfylking	Attval, 2 år	Styremedlem/vara til AU
Rita Strandbakke	Oppland Ungdomslag	Ikkje på val	Leiar i barne- og ungdomsrådet
Stine S. Machiedo	Troms Ungdomsfylking	Ikkje på val	Leiar i folkedansrådet
Marie Nicolaisen	Bygdelagssamskipnaden	Ny, 2 år	Leiar i teaterrådet
Ingrid Tuko	Fylkeslaget Varden	Ny, 2 år	Leiar i bunadsrådet
Geir Kåre Sandnes	Romsdal Ungdomssamlag	Attval, 1år	1. vara til styret
Solgunn Liestøl	Rogaland Ungdomslag	Attval, 1år	2. vara til styret
Arve Hornnes	Sogn og Fjordane UL	Attval, 1år	3. vara til styret



## Protokoll frå landsmøte 19.-21. april 2013

### Sak 9.3 Val av barne- og ungdomsråd

Rita Strandbakke	Oppland Ungdomslag	Ikkje på val	Rådsleiar, sjå sak 9.2
Lisa Grav Henriksen	Nordland Ungdomsfylking	Attval, 2 år	Rådsmedlem
Sindre Vaskinn Hunn	(Buskerud)	Suppl., 1 år	Rådsmedlem
Silja Solvang	Hordaland Ungdomslag	Attval, 1 år	1. vara
Oddgeir Løvold	Nordmøre Ungdomslag	Ny, 1 år	2. vara

### Sak 9.4 Val av folkedansråd

Stine Machiedo	Troms Ungdomsfylking	Ikkje på val	Rådsleiar, sjå sak 9.2
Anna Gjendem	Romsdal Ungdomssamlag	Ikkje på val	Rådsmedlem
Håvard Ims	Hordaland Ungdomslag	Attval, 2 år	Rådsmedlem
Ingar Vaskinn	(Buskerud)	Attval, 1 år	1. vara
Ulrikke Nordlie Bredal	Nordland Ungdomsfylking	Attval, 1 år	2. vara

### Sak 9.5 Val av teateråd

Marie Nicolaisen	Bygdelagssamskipnaden	Ny, 2 år	Rådsleiar, sjå sak 9.2
Endre S. Myhre	Oppland Ungdomslag	Ikkje på val	Rådsmedlem
Grete Haugen	Troms Ungdomsfylking	Ny, 2 år	Rådsmedlem
Benedikte J. L. Spinnager	Vest-Agder Ungdomslag	Attval, 1 år	1. vara
Alf Teigen	Sogn og Fjordane UL	Attval, 1 år	2. vara

### Sak 9.6 Val av bunadsråd

Ingrid Tuko	Fylkeslaget Varden	Ny, 2 år	Rådsleiar, sjå sak 9.2
Lasse Å. Pettersen	Bygdelagssamskipnaden	Ikkje på val	Rådsmedlem
Ellen Runderheim	Hallingdal Ungdomslag	”Ny”, 2 år	Rådsmedlem
Kari Holenbakken	Fylkeslaget Varden	Ny, 1 år	1. vara
Anne-Lisbeth Eide	Aust-Agder Ungdomslag	Attval, 1 år	2. vara

### Sak 9.7 Val av revisor

Vardens revisjonskontor AS

### Sak 9.8 Val av valnemnd

Torbjørn B. Lauen	Vest-Agder Ungdomslag	Ny, 1 år	Leiar
Evelyn Laupstad	Troms Ungdomsfylking	Ikkje på val	Medlem
Tore Strugstad	Inntrøndelag Ungd.samlag	Ikkje på val	Medlem
Terje Svindseth	Bygdelagssamskipnaden	Ny, 2 år	Medlem
Lise K Meling	Rogaland Ungdomslag	Ny, 2 år	Medlem
Eirin Stave Samuelsen	Vest-Agder Ungdomslag	Ny, 1 år	1. vara
Øystein Rambjørg	Hordaland Ungdomslag	Attval, 1 år	2. vara
Trine M. Sjølyst	Bygdelagssamskipnaden	Ny, 1 år	3. vara



# Protokoll frå landsmøte 19.-21. april 2013

Styreleiar Endre Kleiveland takka avtroppande tillitsvalde og takka for oppmøtet på landsmøtet.  
Møtet vart heva kl. 13.40.

## **Protokollunderskrifter**

stad/dato:

underskrift Terje Michelsen:

stad/dato

underskrift Tone Ingvaldsen: